


Protest mot atomvåpen var den viktigaste føresetnaden for at SF blei stifta i 1961.)

Denne artikkelen baserer seg i all hovudsak på hovudoppgåva mi i historie frå 2005, og det sentrale omgrepet er det me kallar «det nye venstre». Det vil seie ei udogmatisk radikal venstrerørsle på leit etter ein tredje veg. Dei hadde eit antikapitalistisk, antiimperialistisk og eit antibyråkratisk perspektiv i sitt samfunnssyn.[1] Ein del av dei nye venstre-gruppene konsentrerte seg om atomvåpen-spørsmålet. Tidsskriftet *New Left Review* spelte frå byrjinga av ei viktig rolle for spreiinga av «det nye venstre» sine idear.

Me kan seie at «det nye venstre» var ei samlenemning for grupper som prøvde å finne eit alternativ til «det gamle venstre» sitt partisystem. Den sosiale basen fann ein blant intellektuelle, spesielt ved universiteta, men og blant arbeidarar som hadde vore tilhengjarar av «det gamle venstre», det vil seie Arbeidar-partiet og Norges Kommunistiske Parti.

Kommunistane i Noreg hadde på kort tid blitt redusert til eit mini-parti rundt 1950. I Stavanger har Jan Magne Arntsen i si hovud-oppgåve vist at NKP blei redusert til ei sekt, mykje på grunn av ekskluderinga av Furubotn-

DET NYE VENSTRE I STAVANGER 1958 – 1969

ARVE ANDERSEN

fløya og intens overvaking frå lokalt arbeidarpartihald. Mange av desse stod utan parti på 50-talet, men engasjerte seg i freds-arbeidet, som hadde lange tradisjonar i Stavanger.

Då Noreg gjekk med i NATO i 1949, fanst det ein motstand mot denne medlemskapen også internt i Arbeidarpartiet. Avisa «Orientering» skulle bli eit talerøyr for dei som var usamde med den offisielle utanriks- og tryggingspolitikken, og ho hadde lesarar i Stavanger-området.

Både arbeidarrørsla og kvekarane i Stavanger hadde erfaring med fredsarbeid. I 1932 samarbeidde Ap i Stavanger med NKP og Sovjetunionens venner om ein større antikrigsdemonstrasjon som samla kring 5.000 menneske.[2] I 1936 samla arbeidarrørsla 15 kristelege, humanitære, sosiale og politiske ungdoms-organisasjonar i ein folkefront for fred – mot krig.

Som namnet på artikkelen, «Det nye venstre i Stavanger 1958-1969», tyder, skal me sjå nærare på dei gruppene som samlar seg om ein «tredje veg» i Stavanger. Det fanst eit politisk miljø i rogalandshovudstaden som tok opp idear som knytte den til ei internasjonal rørsle, men som likevel skapte si eiga rørsle. Altså ei ytre påverking og ei indre forming. Eg vil gje eit bilete av hendingar i Stavanger som illustrerer dette, med størst fokus på den fyrste del av perioden. Tida frå 1969 og vidare blir dekka i andre artiklar i denne årboka.
I Noreg og i Stavanger er partiet Sosialistisk Folkeparti (SF) det fremste partipolitiske uttrykket for det som internasjonalt går under nemninga «det nye venstre» i denne perioden, men eg vil og sjå på dette som ein del av dei nye sosiale og politiske rørs-lene, i denne perioden fyrst og fremst freds- og solidaritetsrørs-lene, men og kvinnerørsla mot slutten.

Nei til atomvåpenmarsjane i London inspirerte radikalarar i Stavanger, og misjonsbyen fekk sine eigne marsjar i 1960-61. Desse var viktige føresetnader for at det blei stifta nytt parti. Blant protestantane var det radikale sosialistar, kristne og folk frå fagrørsla.

Då partiet SF blei stifta på vårparten i 1961, kom det som ei følgje av ein prosess som hadde vart sidan Noreg melde seg inn i NATO i 1949. Til tross for tilsynelatande semje om den norske utanrikspolitiske lina var det ein opinion mot å knyte landet tett opp til USA og NATO. Kommunistane i NKP var naturleg nok imot vestvendinga, men også innom Arbeidarpartiet fanst det motstand. Dei som framleis var mot NATO i Arbeidarpartiet, meinte at partiet hadde forlate sitt sosialistiske grunnsyn då det gjekk inn for NATO-medlemskap. Opposisjonen var usamd i den offisielle utanriks-, forsvars- og tryggingspolitikken som blei ført.

I desember 1952 blei det stifta ei ny, partipolitisk uavhengig avis som fekk namnet *"Orientering"*.[3] Målgruppa for avisa si verksemd var fyrst og fremst Arbeidarpartiet sine medlemmar

og veljarar, men i tida frå 1953-1959 blei *"Orientering"* praktisk talt aldri nemnt i noko arbeidarpartiavis. Det var lite rom for kritikk i Arbeidarpartiet, og kritikk frå venstre fekk snøgt kommuniststempel på seg.

Tilhøvet mellom leiinga i Arbeidarpartiet og *"Orientering"* toppa seg då det såkalla påskeopprøret fann stad i 1958. Påskeopprøret var ein underskriftsaksjon mot atomopprustning i Vest-Tyskland som Sosialistisk Studentlag i Oslo sette i scene, og som blei støtta av "Orientering".

AUF var ikkje nøgde med studentlaget sitt samband til "Orientering", men endeleg brot med studentlaget kom året etter då åtte av Sosialistisk Studentlag sine medlemmar drog på reise til Aust-Tyskland. Dette var i strid med AUF sine retningsliner, og tre av deltakarane på reisa blei suspenderte for eitt år.

Oppgjeret med «Orientering» kom i 1960 då avisa lanserte eit alternativ til Arbeidarpartiet sin utanriks- og innanrikspolitikk.[4] Arbeidarpartiet sitt landsstyre slo fast at «Medlemmer av Det Norske Arbeiderparti» ikkje kan «delta i den virksomhet gruppa *«Orientering»* driver, og samtidig opprettholde sitt medlemsskap i Det Norske Arbeiderparti».



PROTESTMARSJEN MOT ATOMVÅPEN

Søndag 19. mars

SANDNES
Samlingssted: ØGLÆNDSPARKEN.
Avmarsj kl. 13.00
Langgate, Gamleveien, Hillevågsveien, Møllevеien, Fr. Nansensvei til samlingsplassen i Bekkefaret.

STAVANGER
3 samlingssteder:
BEKKEFARET (Fotballplassen ved kirken).
Avmarsj kl. 16.45
Fylkeslege Ebbellsgate, Armauer Hansens vei, Rogalandsgate, Rektor Steensgate, Erlandsgate, Peder Klowsgate til Lekeplassen på Madlaveien.

NYLUND SKOLE (ved Michael Berentsens gt.).
Avmarsj kl. 16.45.
Asbjørn Klostersgate, Nedstrandsgate, Avaldsnesgate, Kirkegårdsveien, Teaterveien, Kannikgate til Lekeplassen på Madlaveien.

ARRESTADSTYKKET (ved Esbjerggt.).
Avmarsj kl. 16.45.
Randabergveien, Misjonsveien, Stokkaveien, Wesselsgate, Kannikgate til Lekeplassen på Madlaveien.

FELLES AVMARSJ FRA LEKEPLASSEN TIL BYPARKEN KL. 17.30:
Madlaveien, Kannikgate, Musdgate, Jernbaneveien, Kongsgate.

MØTE I PARKEN KL. 18.00

Tale av direktør for Rodtunhospitalet dr. med. Reidar Ekse.

Korte appeller ved Marie Louise Meihr
Kasre Lindboe
Gunnar Halvorsen

Kunstnerisk innslag ved den danske sceneinstruktør Inge Hvid-Møller m.fl.

MØT OPP! GI MARSJEN STYRKE! DIN INNSATS TELLER!

AKSJONEN MOT ATOMVÅPEN
Stavanger

Arbeidsutvalget: Skuespiller Lars Andreas Larssen, formann.
Husmor Inger Lise Kirkesola, sekretær.
Fhv. rektor O. F. Olden.
Lærer Kolbjørn Hauge.
Brenner Gunnar Halvorsen.
Kapellmester Karsten Andersen.
Kontorsjef Erling Berg Pedersen.

Fredag 17. mars blei det rykka inn store annonsar i «Stavanger Aftenblad» og «Rogalands Avis» med oppmodingar om å delta i protestmarsjen mot atomvåpen)

Den fyrste atommarsjen

Det fyrste teiknet til at ny aktivitet i Stavanger var i kjømda, var protestmarsjen mot atomvåpen 18. mai 1960. Skodespelarane Lars Andreas Larssen og Sonja Lid tok initiativet til ein slik marsj, saman med Internasjonal kvinneliga for fred og frihet (IKFF). Rundt 350 menneske deltok i marsjen som var ein av dei fyrste i sitt slag her i landet. I utlandet hadde dei allereie blitt kjende med fenomenet. Danmark hadde fått sin atommarsj, og i London hadde dei hatt sin påskemarsj i fleire år. Frå å samle 30 demonstrantar fyrste året, samla dei om lag 120.000 menneske i påska 1960. I Storbritannia var det Bertrand Russel i lag med ei 100-manns sterk gruppe som leia verksemda. Den 19. april 1960 kommenterte *"Stavanger Aftenblad"* på leiarplass: Det kan "ikke unngå å gjøre inntrykk hvordan folkemengden i England i stigende grad synes å helle til det syn, at man skal risikere friheten for å minske faren for atomkrig".[5] I Noreg blei ein landsomfattande kampanje mot atomvåpen starta i Oslo i november 1960, der ei gruppe på 13 initiativtakarar kalla inn til eit møte i Klingenberg kino den 27. november.

I Stavanger blei det halde møte i kvekarane sitt forsamlingslokale den 5. desember med føremål å få i gang kampanjen mot atomvåpen lokalt. Møtet oppretta eit arbeidsutval på sju personar som skulle stå for det daglege arbeidet. Utvalet bestod av skodespelaren Lars Andreas Larssen, husmor Inger-Lise Kirkesola, kapellmeister Karsten Andersen, brennar Gunnar Halvorsen, lærar Kolbjørn Hauge, rektor O. F. Olden og kontorsjef Erling Berg Pedersen. Av desse rekna Larssen og Hauge seg som partilause sosialistar, Kirkesola var frå IKFF, Olden var leiar for kvekarane, medan Halvorsen var fagleg tillitsmann på Rosenberg. Karsten Andersen var ikkje politisk organisert. Berg Pedersen var og partilaus, men han var ein framståande medlem av adventistsamfunnet i Stavanger.

I løpet av desember 1960 fekk kampanjen sine leiarar sin fyrste konfrontasjon med meiningsmotstandarane sine. Utanriksredaktør Sverre Maaland i *"Stavanger Aftenblad"* stilte spørsmål med kampanjen sine mål og freista fange aksjonsleiinga i ein "anti-NATO-sekk", som Kolbjørn Hauge uttrykker det. *Aftenbladet* gjekk sterkt ut mot atomkampanjen, og redaktør Per Thomsen meinte at Stortinget burde fatte sine vedtak utan innblanding frå menneske som ikkje hadde føresetnad for å forstå realitetane i det dei gjekk inn for.[6]

"Døra på gløtt" til atomvåpen?

Den 11. februar 1961 blei ein annonse som foreslo eit nytt parti dersom Arbeidarpartiet endra den såkalla «atomparagrafen», rykt inn i fleire av landet sine aviser.

«Rogalands Avis» (RA) karakteriserte dette endringsforslaget som eit «bidrag til freden». Ei slik formulering ville ha stor verdi i forhandlingar med austblokken, meinte avisa. Opposisjonen såg på denne «døra på gløtt-formuleringa» som ein provokasjon, men RA sin redaktør Peder Næsheim stod på sine argument. Tidlegare rektor Olden meinte i eit lesarbrev 27. januar 1961 at det var grunn til å tru at Arbeidarpartiet si nye formulering hadde samanheng med Norstad-planen om å gjere NATO til den fjerde atommakt.[7] Det var ikkje utenkjeleg at det var press ifrå dei allierte i NATO som fekk Arbeidarpartiet til å foreslå ei endring, meinte Olden.

Aftenbladet og RA var på line når det gjaldt forsvarsomgrepet, men begge avisene bagatelliserte den grunnleggjande skilnaden mellom atomvåpen og konvensjonelle våpen, meinte aksjonsleiinga. RA var i tillegg oppteken av spørsmålet om kløyving av partiet og danning av eit nytt parti. Redaktør Næsheim støtta, ifølgje Kolbjørn Hauge, aksjonen mot «Orienterings-krinsen», men han hadde ikkje tru på at eit nytt parti ville få noka særleg oppslutning. Suksess for atomkampanjen kunne nok tyde betre sjansar for eit nytt parti, men partileiinga og RA var likevel forundra over at atomkampanjen fekk så sterk støtte på grunnplanet.

På vinteren 1961 blei det også organisert ein landsomfattande underskriftskampanje som leiinga for atomkampanjen lokalt fekk i oppdrag å organisere. Lister blei fordelt på arbeidsplassane i Stavanger og i fylket elles, eller sendt rundt til slekt og vener i distriktet. Vanlegare var likevel dør-til-dør-aksjonar, der det ofte blei samla inn 400-600 underskrifter.[8] Kampanjen enda med 7.000 underskrifter i Stavanger og 233.000 underskrifter frå heile landet.[9]

Protestmarsjen mot atomvåpen

Høgdepunktet for atomkampanjen var den landsomfattande protestmarsjen 19. mars 1961. Fredag 17. mars blei det rykka inn store annonsar i Aftenbladet og RA med oppmodingar om å delta i demonstrasjonen. Oppropet var støtta av 91 enkeltpersonar og 90 faglege tillitsmenn frå Stavanger og distriktet. Dagen før hadde RA gjengjeve eit opprop som gjekk inn for forslaget frå den militære leiinga. Denne argumenterte med

at våre allierte måtte ha like gode våpen som ein eventuell angripar. Dette oppropet var underskrive av 29 kjende norske personar, med diktaren Arnulf Øverland som den mest framståande. 18. mars hadde RA eit opprop frå 41 kjende rogalendingar om å ikkje delta i marsjen. Dei konkluderte med at det alltid måtte vere høve for norske soldatar å nytte like gode våpen som ein eventuell motstandar.[10]



Stor oppslutnad om atommarsjen i Stavanger

«Hovudtoget» gjekk frå Sandnes mot Stavanger og samla mellom 70 og 80 personar. Då dei kom til Stavanger, slo dei seg saman med tre lokale tog og samla seg i Byparken. Aftenbladet tippa at rundt 2.000 personar demonstrerte.[11]

Frå rørsle til parti

Ettersom dei politiske hendingane utvikla seg etter årsskiftet 1960-61, blei det klårt at det truleg kom til å bli skipa eit nytt politisk parti. Signala frå Oslo var tydelege, men tilhøva der var ganske annleis enn i resten av landet. Bortsett frå ein del av verksemda til NKP var opposisjonen mot Arbeidarpartiet sin politikk utan kraft og struktur.[12] Men atomkampanjen spela ei stor rolle når det gjaldt å gjere folk politisk engasjerte. I arbeidsutvalet i Atomkampanjen i Stavanger var det ulike oppfatningar. Nokre av medlemmane var positive til nytt parti, medan andre meinte det var nok med to arbeidarparti i landet.

Den 15. og 16. april hadde utviklinga kome så langt at det blei kalla inn til landskonferanse i Oslo for å danne eit nytt politisk parti. *«Orientering»* sine abonnentar og partshavarar i Stavanger-området møtte opp hjå Valborg Tjora for å drøfte spørsmålet. Ordskiftet tok for seg *«Orientering»* sitt tilhøve til det nye partiet.[13] Mange var redde for kva som kunne hende med avisa dersom ho knytte seg til eit parti med ein uviss lagnad. Somme ville behalde avisa som eit fritt og partipolitisk uavhengig organ, for ikkje å skremme bort dei partilause og dei som valde å bli i Arbeidarpartiet.[14]

Eit anna moment som blei teke opp i Stavanger, var at eit nytt sosialistisk parti kunne ta krafta ut av den mektige fredspolitiske rørsla som atomkampanjen hadde utvikla seg til å bli[15]. Arnt Bækholt blei vald til utsending frå Stavanger, og møtet gav han mandat til å arbeide for minst mogleg tilknyting mellom avisa og det nye partiet. Bækholt hadde i 1960 gått på LO-skulen og hadde nær kontakt med Finn Gustavsen.

På SF sin skipingskonferanse deltok det tre representantar frå Stavanger-distriktet. I tillegg til Arnt Bækholt deltok lærarstudenten Jon Bjørnebekk og Knut E. Danielsen frå Sandnes. Dei hundre delegatane vedtok mot tre stemmer å stifte Sosialistisk Folkeparti. Ein av dei som stemte mot, var Arnt Bækholt. Han var ikkje prinsipielt mot partiskiping, men han var redd for at Arbeidarpartiet si presse og mektige partiapparat ville «trampe i hel» det nye partiet.[16] Bækholt var samd med Gustavsen, Løfsnes og Furre om at ein lengre periode med oppbygging kring atomkampanjen og *«Orientering»* ville skapa ein meir grunnfesta posisjon og organisasjon som kunne stå imot

presset som ville koma. Saman med kona Ingeborg valde han i denne omgang å ikkje gå inn i det nystifta partiet.

– Tankene om et nytt parti har slått godt an i Stavanger, men det beste ville være etter mitt syn å bygge opp en organisasjon omkring *«Orientering».* Det er vanskelig å bygge opp et parti-apparat på så kort tid. Et nederlag for et nytt parti vil skade arbeiderbevegelsen, meinte Bækholt. [17]

Etter skipinga av SF blei det helde generalforsamling i «Orientering». På fraksjonsmøte heime hjå helseminister Karl Evang kvelden før deltok mellom anna ekteparet Bækholt. Der blei det bestemt at *«Orientering»* skulle fortsetje som ei fritt-ståande avis utanfor SF. Dersom det gjekk gale med partiet, skulle ikkje avisa forsvinne.[18]

Problem i Stavanger

Då partiet SF blei stifta i april 1961, var det neppe mange som såg for seg suksessen ved stortingsvalet same hausten. To mandat og «vippeposisjon» på Stortinget var eit sjokk for mange, ikkje minst for Arbeidarpartiet.

Stavanger Aftenblad var ei av mange aviser som stilte spørs-målsteikn ved det nye partiet. «Hvor finnes Norges Aksel Larsen?» spurde ho på leiarplass 6. april 1961.[19] Avisa meinte at eit parti skal «være *for* noe, ikke bare *mot* noe». [20]

I Stavanger var det aldri grunnlag for å stille lister allereie til stortingsvalet i 1961. RA spådde at ein ikkje utan vidare kunne gå ut ifrå underskriftslistene frå atomkampanjen når ein skulle skipe eit nytt parti. Dei som kom heim frå skipingskonferansen i Oslo, fekk merke at RA fekk rett.[21]

Knut E. Danielsen frå Sandnes hadde fått i oppdrag å skipe partilag og fylkeslag i Rogaland. Han var militærnektar og var



Arnt Bækholt meinte at eit nederlag for eit nytt parti ville skade arbeiderrørsla og blei derfor ikkje med frå starten då SF blei skipa

tidlegare medlem i AUF, men blei ekskludert på slutten av 50-talet. No ville han skipe eit nytt parti og var vonbroten då Arnt Bækholt ikkje hadde same standpunkt.

Det fyrste Danielsen gjorde, var å setje inn ei annonse i Stavanger Aftenblad, men han fekk berre tre medlemmar med

seg, lærarane Kolbjørn Hauge, Klara Høyland og Hans Snilstveit. At startgrunnlaget for SF skulle vise seg å vere så vanskeleg, kom nok som eit sjokk for dei som hadde sett suksessen med underskriftskampanjen. Begeistringa gav seg truleg når slitet på grunnplanet skulle ta til. Dessutan hadde ein ikkje dei kjende, respekterte namna frå atomkampanjen å støtte seg til. For mange var det ei belastning å stå fram og vedkjenne seg det nye partiet, både på arbeidsplassen og i familien.[22] Kolbjørn Hauge trur dette var den viktigaste årsaka til SF sine organisatoriske vanskar, både i oppstarten og seinare.[23] Etter kvart kom det med eit par stykk frå det radikale miljøet på Rogaland Teater.

Det fyrste organiserte møtet for SF blei halde 31. mai 1961 under leiing av Knut E. Danielsen. I Haugesund hadde dei allereie stifta lag, og ein representant frå nordfylket var til stades.[24] Om lag 20 interesserte var møtt opp, og dei fann ut at dei skulle skipe eige SF-lag i Stavanger, sjølv om nokon meinte dette ville svekkje Arbeidarpartiet sine sjansar ved valet same hausten. Det nye styret bestod av formann Sevald Karlsen, kasserar Kurt Nordbø, sekretær Jone Johnsen, styremedlemmar Leif Hansen og Knut Jørgen Jørgensen, varamenn Pelle Christensen og Valborg Tjora. Desse hadde vore med på den store atomkampanjen, men var ikkje røynde med partipolitikk.[25] Utan atomkampanjen hadde grunnlaget for eit nytt, radikalt parti i Stavanger vore skjørt.

Men sjølv om dei fleste i leiinga mangla ideologisk og organisatorisk skolering, gjekk det forholdsvis glatt å få starta opp Stavanger-laget. Verre blei det då fylkesorganisasjonen skulle setjast saman. Det nye partiet trakk til seg politiske entreprenørar som leita etter ein stad å virke på, og både i Sauda og Haugesund hadde ein store problem i byrjinga.[26] Det var ofte stor usemje om motiv og politiske oppfatningar.

På fylkesmøte 15. juni blei ein ikkje samd om listestilling til stortingsvalet, men ein fekk samla eit mellombels styre, med Knut E. Danielsen som formann og Jone Johnsen som sekretær. Etter eit møte hjå Knut E. Danielsen blei det klårt at det ikkje var grunnlag for listestilling i Rogaland. Den interne striden enda med at både Knut E. Danielsen og Knut Jørgen Jørgensen gjekk lei og gav seg som leiarar. Det var ikkje livsteikn, korkje ifrå Stavanger-laget eller fylkeslaget, sommaren og hausten 1961.[27] Interne strider og dårleg organisasjonskultur tok knekken på alle initiativ.

SF i Stavanger – frå fredsrørsle til bystyret

Valsuksessen til SF i 1961 var større enn dei fleste kunne drøyme om. 20. september, ei veke etter valet, heldt Stavanger-laget styremøte.[28] Ei av dei viktigaste oppgåvene var å reorganisere fylkesorganisasjonen, og dette blei drøfta grundig. Berge Furre heldt foredrag i slutten av oktober, og det blei samstundes arrangert fylkesmøte. Partiet var nå i ei anna stilling enn før valet. Den 6. oktober hadde laget 37 medlemmer, eit tal som hadde auka til 63 tre veker seinare.[29] Eit anna viktig moment som prega arbeidet, var at ekteparet Arnt og Ingeborg Bækholt melde seg inn i partiet. Både Arnt og Ingeborg var røynde folk som tidlegare hadde vore gjennom politiske stormar. Ikkje minst då dei som Furubotn-kommunistar blei ekskluderte frå NKP i 1949. Dei var dyktige administratorar, ideologisk skolerte og viljuge til å ta i eit tak, ifylgje Kolbjørn Hauge.[30] Arnt hadde dessutan ein solid posisjon i fagrørsla i Stavanger som tidlegare formann i brannkorpsforeininga og formann i stedsstyret for Norsk kommuneforbund.

Den 29. oktober 1961 blei Arnt Bækholt vald til formann i fylkesstyret, med Sevald Karlsen som nestformann. Kolbjørn Hauge blei sekretær og kasserar. Samstundes valde fylkesmøtet kommunalpolitisk utval, fagleg utval og utval for motstanden mot fellesmarknaden.[31] Mot slutten av 1961 var dermed SF etablert i Stavanger og i fylket elles. I desember blei SF sitt ung-

domslag skipa, truleg eit av dei fyrste organiserte SUF-laga i landet. No var oppgåvene å styrke organisasjonen og ta nye politiske initiativ. Eit avgjerande steg blei teke då Finn Gustavsen talte i Atlantic Hall den 7. januar 1962. Møtet var godt førebudd, og for fyrste gong på lenge tok ein inngangspengar til eit politisk møte. 600 nyfikne menneske betalte 2 kroner og 50 øre og møtte opp.[32] Aftenbladet hadde ein liten reportasje på to spalter frå møtet og skreiv: "Møtet hadde samlet 400 tilhørere, eller kanskje vel så det". [33]



Eit viktig moment som prega arbeidet i SF var at det røynde ekteparet Arnt og Ingeborg Bækholt melde seg inn i partiet. Dei var dyktige administratorar, ideologisk skolerte og viljuge til å ta i eit tak.

I eit brev til partiet sin sekretær Berge Furre den 3. februar 1962, skriv fylkesleiar Bækholt at "sorgen og gleden vandrer sammen" når det gjeld verksemda i Stavanger.[34] Medlemmane var svært aktive når det gjaldt arbeidet i fagrørsla og i spørsmålet om Fellesmarknaden, men møteverksemda var svake greier, meinte Bækholt, som sjølv var engasjert i arbeidet i fagrørsla. Radikale krefter ivra for at han skulle ta attval i Kommuneforbundet.

Seinare same året var likevel partiformann Knut Løfsnes hovudtalar på SF sitt eige opne møte i Bøndernes hus i Stavanger på 1. mai. I Haugesund, Sandnes og Stavanger til saman blei det på 1. mai spreidd 10.000 flysetlar med innskrift; "Nei til Fellesmarkedet er Ja til solidaritet med verdens fattige folk". Årsmeldinga frå Rogaland SF på årsmøtet den 3. juni viste at partiet var i jamn framgang, spesielt i distrikta.[35]

Den store atomkampanjen var ein viktig føresetnad for oppslutninga om det nye partiet. No konsoliderte partiet stillinga si, medan fredsrørsla var i ferd med å gå litt i dvale. Den internasjonale påverknaden på miljøet i Stavanger heldt likevel fram. Rett før jul 1961 var den kanadiske pasifisten Gerard Daechsel innom Stavanger. Daechsel var deltakar i ein protestmarsj på veg frå San Fransisco til Moskva. Han kom i kontakt med atomkampanjen sine folk i Stavanger og var ei viktig årsak til at skodespelarane Sonja Lid og Lars Andreas Larssen oppretta Fredskontoret i Stavanger.[36]

Stavangerlaget var ivrig etter å få kunnskap og impulsar frå så vel litteratur som i form av foredrag av kjende personar. 30. januar 1963 sende dei brev til SF-hovdingen i Danmark, Aksel Larsen, med spørsmål om han kunne tenkje seg å halde foredrag i Stavanger.[37]

16. mars 1963 kunne fungerande sekretær i SF i Rogaland, Jan Gjerde, optimistisk fortelje moderpartiet at situasjonen i Rogaland var byrja å lysna. Det var vedteke at SF skulle stille liste til kommunevalet i Stavanger, og valet såg ut til å aktivisera mange partimedlemmar.[38] Ved valet i 1963 fekk SF 2,5 % av røystene i Stavanger (1,2 % i Rogaland totalt), noko som var litt over landsgjennomsnittet. Isolert sett var dette oppmuntrande, og partiet fekk to representantar inn i bystyret i Stavanger. Arnt Bækholt og Kolbjørn Hauge tok plass, men fekk i realiteten lita makt. Dette blei ei tid som gav god røynsle i å drive politikk.

Det viktigaste for SF i Stavanger var å "halde hovudet over vatn", som Kolbjørn Hauge uttrykker det. Det vil seie å halde organisasjonen i gang.[39] Hauge innrømmer at SF var litt tafatte i bystyret i byrjinga.

– Me var nok litt tafatte det første året. Eg trur nok at Kari Hauge Rasmussen i NKP tok opp fleire saker åleine enn oss to i SF, seier han.[40]

Tradisjonelt var utanriks- og tryggingspolitikk SF sine hjartesaker, og kampen mot EEC blei i tillegg viktig for lokalpartiet i Stavanger. Partiet var oppteke av ideologiske spørsmål og markerte avstand til både NKP og Ap. Dei to etablerte partia på venstresida ville ikkje utan vidare samarbeide med det nye sosialistiske partiet. Ap meinte at SF var nærast for kommunistar å rekne, medan NKP frykta SF stal viktige stemmer frå dei. NKP ville naturleg nok ha flest mogleg til sitt parti og var heilt frå starten av lite begeistra for eit nytt parti på venstresida.[41] Det går likevel fram av arkivet til SF at det frå NKP si side tidleg i 1962 blei gjort forsøk på å få til eit visst samarbeid mellom dei to partia, mellom anna i EEC-kampen og om NATO og atomvåpen. Arnt Bækholt svarte på førespurnaden frå Eivind Rasmussen, som var formann i Rogaland NKP, men sa at han ikkje ville "ta noen avgjørelse i en så viktig sak uten at det er drøftet med medlemmene".[42] Sentralstyret i SF meinte at SF sine lokallag ikkje burde ta kontakt med NKP på generelt grunnlag.

EEC-saka skapte splitting i Arbeidarpartiet i Stavanger. Ved årsmøtet i 1962 blei den fyrste avstemminga om Fellesmarknaden halden. Eit stort fleirtal stemte for ein resolusjon som sa at "Møtet vil uttale at vårt land ikke kan stå utenfor det økonomiske samarbeidet i Vest-Europa (…) Fører forhandlingene med Felleskapet til et akseptabelt resultat, må spørsmålet på ny forelegges partiavdelingene, og spørsmålet om en rådgivende folkeavstemning må tas opp".[43] 47 stemte for, medan 16 gjekk inn for assosiering. 80 prosent av lokallaga rundt om i landet rådde til å søkje om medlemskap.[44]

Kampen mot fellesmarknaden gjorde at SF hadde fleire møte med folk frå både Ap og fagrørsla. Fleire klubbformenn slutta seg til partiet.

Kings Bay-saka og felling av Arbeidarpartiet

EEC-saka blei for alvor aktuell i 1962, etter at Danmark og Storbritannia året før hadde vedteke å søkja om medlemskap. Offisielt var det berre SF som tok standpunkt til dette allereie før valet.[45] Den fyrste EEC-striden fekk likevel ein brå slutt i 1963, då den franske presidenten Charles de Gaulle sette foten ned for britisk medlemskap. Dermed var det heller ikkje aktuelt for Noreg å søkja lenger.

Med det same EEC-saka var ute av biletet, slutta borgfreden på Stortinget. Opposisjonen blei sterkare, og allereie sommaren 1963 blei det regjeringsskifte. Bakgrunnen for krisa var den tragiske Kings Bay-ulukka på Svalbard i november 1962. Tønseth-rapporten som granska ulukka, kritiserte statsselskapet, arbeidstilsynet og bergmeisteren, og dei borgarlege samla seg om eit mistillitsforslag mot industriminister Kjell Holler. SF ville ikkje ha ei borgarleg regjering, men ville heller ikkje stå fram som eit «haleheng» for regjeringa og fremma difor sitt eige mistillitsforslag. Arnt Bækholt sat på denne tida i SF sitt landsstyre og var av dei som stemte imot å felle arbeidarpartiregjeringa. Han meinte at SF sitt eige mistillitsforslag måtte «være saklig begrunnet, med en klar sosialistisk tendens og positivt innstilt til statsdrift»[46]. Arbeidarpartiet såg ikkje på SF sitt forslag som reelt, og valde å gå av.

Utdanningsbyen Stavanger og akademikarpartiet

Frå 1.1.65 blei delar av Hetland og Madla slege saman med

Stavanger. Ingen av kommunane var rike, og ordførar Jan Johnsen frå Arbeidarpartiet uttalte at det blir ikkje rikdom av så mykje fattigdom. Den nye kommunen fekk ikkje-sosialistisk fleirtal etter det ekstraordinære kommunevalet 28. september 1964, men SF fekk tre representantar i kommunestyret (Arnt Bækholt, Kåre Lindboe og Sigrun Joner) og ein i formannskapet (Arnt Bækholt, med hjelp frå bystyremedlemen til NKP). Partiet gjorde det godt i dei gamle nabokommunane som nå gjekk inn i Stavanger. *"Orientering"* gav ut eit ekstranummer om tilhøva i Stavanger, og SF lokalt gav ut si eiga valavis i tabloidformat.[47] Sosialistisk Folkeparti hadde sine merkesaker i internasjonal politikk, men stod på prinsippa også lokalt.

– Vi i SF vil i alle fall ikke la våre og arbeiderbevegelsens store merkesaker, sosialismen, et utvidet demokrati, også på det økonomiske området, synke ned i den grå hverdagens prinsippløshet. Også i kommunepolitikken vil vi ta sikte på ikke å miste de store perspektiver og synet for arbeiderbevegelsens rolle i å omskape samfunnet vi lever i til et sosialistisk og solidarisk samfunn, uttalte Arnt Bækholt til "Orientering".[48] Husleigestøtte for vanskelegstilte var ei viktig sak for SF i Stavanger.[49]

Det blei satsa stort på at Stavanger skulle bli utdanningsby. Høgskuleområdet på Ullandhaug blei bygd ut i løpet av denne perioden. Fyrst kom sosialhøgskulen og seinare lærarskulen. Dette var ei sak SF ivra sterkt for, noko som gjorde sitt til at partiet fekk stempel som akademikarparti. På kulturfronten ville Ap ha byantikvar. Dei borgarlege, med KrF i spissen, jobba for å bygge kyrkjer, medan Ap ville ha bydelshus - gjerne med eigne rom for sakrale seremoniar (kombinasjon kyrkje/bydelshus). Kommunesamanslåinga dempa presset på areal i Stavanger litt. For Ap var det viktigaste i perioden arbeid til alle, å heve bustadstandarden og skape ein sunn økonomi til kommunen. Høgre hadde også bustadpolitikk som prioritert sak, og SF forsikra i valkampen om at dei ville "halde dei borgarlege i øyrene".

– Trusselen om borgerlig flertall i det nye bystyret og hva det kan bety i form av manglende aktivitet for eksempel for tilretteleggingen av byggetomter og gjennomføringen av viktige reguleringssaker, bare for å nevne noe, er således reell ved dette valget, sa Arnt Bækholt.[50]

Valkampen i 1964 blei lagt opp om lag som i 1963. Byen blei delt opp i 100 roder kor det blei delt ut ei eiga valavis for Stavanger og Sandnes. Denne var laga i samarbeid med "Orientering". 20.000 eksemplar av denne og 40.000 røystesetlar blei delt ut. Dessutan blei det spreidd ein god del plakatar rundt om i byen, før valkampen blei avslutta med eit folkemøte på torget. I ein rapport til sentralstyret i SF skriv Stavanger-partiet at Finn Gustavsen samla om lag like mange tilskodarar som Einar Gerhardsen på Nytorget 500 meter unna.[51] SF hadde i 1963 oppnådd 1028 røyster i Stavanger (3,52 %), men gjekk fram til 1494 (4,07 %) røyster i den nye storkommunen i 1964. Same hausten kom det likevel fram eit skår i gleda i form av at framståande medlemmar anten melde seg ut av partiet, eller reiste vekk. Dessutan var ikkje kontakten med fagrørsla rekna som særleg god.

SF i fagrørsla

Til tross for at sentrale folk som Arnt Bækholt, Kurt Nordbø og Svein Tinnesand var leiande i fagrørsla, hadde ikkje SF det lett for å få gjennomslag i fagrørsla, spesielt ikkje på Rosenberg. Rett nok hadde ein nokre sympatisørar i byrjinga, men etter at Gustavsen felte Gerhardsen si regjering i 1963, blei det tøft for SF. På Rosenberg gjekk skiljet mellom Arbeidarpartiet og "dei andre", meiner Svein Tinnesand.[52] Klubben på Rosenberg hadde rykte på seg for å vere radikal, men Harald Tveterås slår fast i si hovudoppgåve at det var "liten eller ingen radikalisme å spore blant Rosenberg-arbeiderne" fram til midten av 1950-tallet.[53]

Det var Arbeidarpartiet som dominerte på Rosenberg, men også folk frå NKP oppnådde tillitsverv. Ein av dei var Wilfred Malde, som Kurt Nordbø karakteriserer som ein "redelig og ærlig kar".[55] Malde hadde vore i tysk konsentrasjonsleir under krigen og var ein mann som folk respekterte. Skulle ein oppnå tillitsverv på Rosenberg, var det nok likevel viktig å ha partiboka i orden. – Eg hadde aldri blitt vald til klubbformann på Rosenberg som SF'ar, slår Nordbø fast.[55]

Strid om listestilling

Dei gode resultata frå kommunevala viste at det var grobotn for SF sine idéar i Rogaland. Førebuingsarbeidet for stortingsvalet i 1965 tok til hausten 1964. På våren 1965 kom det fleire forslag til listestilling, mellom anna tankar om samarbeid på venstresida. I eit brev til lokallaga i SF i Rogaland skriv formann Reidar Berge at "enkeltpersonar har på fritt og uformelt grunnlag prøvt å få til samarbeid mellom dei tre arbeidarpartia i Rogaland om listestillinga til hausten på det vilkåret at dei kan einast om den 4. representanten på lista til Det Norske Arbeidarparti".[56] Dersom SF kunne einast med dei to andre arbeidarpartia om den fjerde representanten på lista til Ap, ville dei la vere å stille liste til stortingsvalet hausten 1965. Dette blei vedteke på Stavanger SF sitt møte 24. februar 1965.

På nominasjonsmøtet i Stavanger Arbeidarparti blei eit forslag om å setje den radikale klubbformannen ved Rosenberg Mek. Verksted, Gunnar Halvorsen, som nummer fire på Arbeidarpartiet si liste, avvist. Halvorsen var foreslått frå framtredande hald innom fagrørsla. Dermed bestemte årsmøtet i SF 21. mars 1965 at partiet skulle stille liste i Rogaland ved valet, av omsyn til veljarane i Rogaland som måtte ha "høve til å stemme for eit fritt og uavhengig sosialistisk alternativ og for nøytralitet og nedrusting".[57] Forslaget om å støtte ein Ap-kandidat framfor å stille SF-lister i Stavanger hadde møtt motstand. Studenten Anders M. Andersen sende brev til Rogaland SF der han slo fast at "Dersom vi ventar oppslutnad om våre idéar og vår politikk, nyttar det ikkje å seia til folk at dei like gjerne kan røysta på eit parti som har motsette idéar og ein annan politikk".[58]

Rogaland SF spurde fyrst Berge Furre om han ville toppe ei SF-liste frå heimfylket sitt, men Furre avslo tilbodet av di han ville fullføre studiane sine. Optimismen var likevel stor hjå medlemmane i Stavanger SF. Korkje Venstre sin radikale



Innlasting av valmateriell

kandidat Lars Ramndal eller Arbeidarpartiet sin kandidat Trond Hegna stilte til val, og det aukar sjansane for SF, meinte Arnt Bækholt. [59]

Sjansane var kan hende gode. Partiet enda på ein oppslutnad på 4,8 % i Stavanger, best av byane i Rogaland, men fekk ikkje inn nokon representantar på Stortinget frå Rogaland i 1965. Det går elles fram av SF sitt arkiv i Stavanger at arbeidet med å knytte kontaktar utover i fylket var vanskeleg. 30. juli 1965 sende sekretæren i SF i Rogaland, Rolf Per Jenseg, eit "Nødrop om hjelp i organisasjonsarbeidet" til sentralstyret i SF. Partiet hadde berre fem lokallag i fylket, og Jenseg frykta at mangelen på arbeidsviljuge partilag i distrikta skulle øydelegga for SF ved valet, og bad difor om hjelp til å "reformere" organisasjonsarbeidet i Eigersund, Sokndal, Moi, Ålgård og Jørpeland.[60]

Rapport frå SF sitt ungdomslag i Stavanger

SF var eit parti med appell til ungdom, og på initiativ frå fem av Sosialistisk Folkeparti sine unge medlemmer i Stavanger blei det på møte den 4.desember 1961 vedteke å stifte SF sitt ungdomslag i Stavanger. Laget konstituerte seg på møte den 15. januar 1962 med Jan Gjerde som formann og Kåre Lindboe som nestformann. Sekretær var Hans Herman Andersen.[61] Folk i moderpartiet diskuterte ei tid kva slags form ein ny sosialistisk ungdomsorganisasjon skulle ha. Fleire forslag gjekk inn for ein uavhengig organisasjon med eit program som skulle samle all sosialistisk og radikal ungdom. Jan Gjerde tok til orde for noko anna. Han meinte at det ville vere ønsketenking å tru at andre grupper ville samarbeide med SF. AUF ville ikkje under noko omstende samarbeide med SF-folk, sjølv ikkje i kampen mot Unge Høgre, skreiv Gjerde i eit lesarbrev i Orientering i mars 1962. [62]

– La oss få en sosialistisk ungdomsorganisasjon som bygger direkte på SF's program. Oppslutningen om SF-ungdomslaget i Stavanger tyder på at denne linja er den riktige, meinte Jan Gjerde.

I juni same året hadde laget 25 medlemmar, men kunne hatt fleire om ikkje mange av drivkreftene i laget hadde "vært engasjert også i annen politisk virksomhet", heiter det i ein rapport til årsmøtet i Rogaland Sosialistisk Folkeparti. Laget arrangerte fem møte denne våren, samt eit fellesarrangement med Unge Høgre om Fellesmarknaden. Dessutan hadde laget kursaktivitet der emne som "sosialismen si historie", "arbeidarrørsla sin historie i Noreg" og "sosialistisk samfunnsøkonomi" blei teke opp. Ungdomslaget i Stavanger var eit av dei fyrste SF-ungdomslaga i Noreg. Sentralstyret i SF oppretta ein eigen ungdomskomité som skulle legge fram ei innstilling til vidare arbeid. Ungdomslaget i Stavanger blei bede om å utarbeide dette, og Jan Gjerde presenterte dette på SF sitt landsmøte. Dei fyrste initiativa til ein ungdomsorganisasjon i tilknyting til SF kom altså frå Stavanger, og frå 1964 tok organisasjonen namnet SUF.

Jan Gjerde var leiar ei tid, før Ole Kopreitan tok over i 1963. Gjerde fekk stor merksemd då han i 1962 påviste at SF sin formann Knut Løfsnes nærast plagierte delar av NKP sine publikasjonar i viktige SF-dokument og let desse kome i hendene til framtredande NKU-medlemmar.

– Det Løfsnes har gjort er i så åpenbar strid med SF's prinsipputtalelse og partiets moral at vi som parti burde ta konsekvent avstand fra det hele, skreiv Gjerde i eit lesarinnlegg i "Orientering" 20. juli 1962.[63]

Ifylgje både Hans Herman Andersen og Kåre Lindboe var det god stemning på møta i ungdomslaget i Stavanger. – Det var mest sosialt. Me hadde det løye på møta. Det var mest som vekkingsmøte. Interessa for lokalpolitikk var lik null, men ei herleg blanding av pasifistar og folk som stod på eit tredje standpunkt, hugsar Andersen.[64]

Kåre Lindboe hadde tidlegare vore sekretær i AUF, og det symbolske i at han "melde overgang" til SF kunne vera viktig, meinte somme. I eit brev Berge Furre sende til Jon Bjørnebekk, skriv Furre: "Det var gildt å høyra om SFUS (SFU i Stavanger, min merknad). Særleg var det gildt å sjå Kåre Lindboes namn. Du får helsa han og seia at det er gildt å høyra "at han har fått véd"".[65] Lindboe, som var aktiv fotballdommar og sat i styret i Rogaland Fotballkrets, kunne nok og sikra ein breiare appell om partiet, sjølv om ikkje prioriteringane hans alltid stemte med partiet hans. Til fylkesstyremøtet i SF i Rogaland 1. november 1964 måtte han melde avbod av di han "skulle være behjelpelig som linjevokter" i ein fotballkamp mellom Noreg sitt landslag og Rogaland Fotballkrets sitt lag.[66]

Ungdomsarbeidet var noko av det mest oppløftande i Stavanger, meinte fylkesformann Arnt Bækholt.[67] Han får støtte av Håkon Helle, som ifylgje RA var SUF sin sterke mann i

Stavanger på slutten av 60-talet. – Stavanger var ein politisert by, med ein bevisst ungdomsgenerasjon. Ein brei del av ungdommen var med, meiner Helle.[68]


Fredskontoret og laurdagsskule

Fredskontora blei starta av Sonja Lid og Lars Andreas Larssen i Stavanger i 1962 og utvikla seg til å bli eit landsomfattande fenomen. I 1968 var det 15 kontor i drift over heile landet, men den spede starten var altså i Stavanger. Skodespelarparet kom til Rogaland Teater på slutten av 1950-talet, eit teater kor det fanst ein del radikale menneske allereie. Det blei naturleg for dei to å engasjere seg i fredsarbeidet. Sovjetunionen hadde drive med atomprøvesprengingar ved Novaja Semlja, og skodespelarane ville gjere noko for å komme seg ut av "den farlige bakevja vi var kommet i", som Sonja Lid seier det i eit intervju.[67] – Vi måtte gjere noko, og det var det mange i Stavanger som også ville, seier Lars Andreas Larssen.[70]

Lid og Larssen var sentrale då den fyrste fredsmarsjen i Stavanger gjekk av stabelen 18. mai 1960. Dette var den fyrste marsjen i sitt slag i Skandinavia. Då diskusjonen om eit nytt parti byrja, var somme redde for at det skulle gå partipolitikk i fredssaka. I staden for å gå med i partiarbeid, skipa Lid og Larssen Fredskontoret. Fredskontoret skulle vera eit informasjonskontor kring krig-fred-problem og hadde ein basis i ikkje-vald. I byrjinga kom inntektene frå rundt 100 tilhengjarar som sponsa drifta med 10 kroner kvar i månaden. Etter kvart kom det tilskot frå FN og UNESCO.

Med hovudkvarter på Lagårdsveien arrangerte dei atomvåpen-utstillingar, studiesirklar, seminar, fredskveldar og heldt foredrag. Dessutan gav dei ut eit blad kalla "Fredsnytt" til støttemedlemmane sine.[71]

Dei som dreiv Fredskontoret hadde nok mest til felles med SF av dei politiske partia, men dei bestemte seg tidleg for å vere partipolitisk uavhengige, for å trekke til seg folk frå forskjellige politiske miljø.



Skodespelarekteparet Sonja Lid og Lars Andreas Larssen kom til Stavanger på slutten av 1950-talet og engasjerte seg i fredsarbeidet. Saman skipa dei det fyrste fredskontoret.)

– Nokon meinte at det me dreiv med var reaksjonært og "raudt", men me kalla oss politisk totalt uavhengige. Dei trudde på oss då me hadde med oss informasjonsmateriell utgjeve av FN, fortel Lars Andreas Larssen.[72]

Både kvekarane med rektor Olden i spissen og "Kvinneliga for fred og frihet" i Stavanger og Sandnes var faste gjester på Fredskontoret. Radikale arbeidarpartifolk, SF'arar, ein del folk

frå Venstre og Kristeleg Folkeparti likte aktivitetane til Fredskontoret, medan høgrefolk var skeptiske.[73]

Enkelte av aktivitetane som Fredskontoret sette i gang med, fekk ikkje så stor talmessig oppslutnad. Då ein liten flokk menneske traska frå plassen framfor Domkyrkja i Stavanger til Madlaleiren og attende til domkyrkjeplassen i snøvêr på nyttårskvelden 1961, kunne dei nok framstå som latterlege på mange. – Det var eit element av sjølvpining hjå idealistane ved Fredskontoret, meiner Kari Hauge og Eivind Rasmussen.[74]

Sonja Lid og Lars Andreas Larssen var gjengangarar i avisspaltene medan dei var i Stavanger, men avisene var ikkje alltid like nøgde med innhaldet i bodskapen deira. – Stavangeravisene elska oss ikkje akkurat, konstaterer Lars Andreas Larssen tørt.[75]

Aftenbladet var imot Fredskontoret. Heilt til den dagen kontoret greidde å få Linus Pauling til Stavanger. - Da ble vi kalt for en institusjon, fortel Sonja Lid i eit intervju.[76] Høgreavisa "Stavangeren" siterte i 1964 "Morgenbladet", som påstod at Fredskontoret hadde drive "en intens propaganda blant Stavanger-befolkningen, og særlig skoleungdommen, mot atomvåpen, mot apartheidpolitikken, mot Noregs allianse-politikk, mot krigsleketøy for barn – hele tiden under masken av edle motiver."[77]

Då Bertrand Russell fekk Nobels fredspris og kom til Oslo, ville han gjerne koma til Stavanger, ifylgje Lars Andreas Larssen. Kontoret fekk og kort tilsendt, mellom anna frå Martin Luther King.

Fredskontoret i Stavanger blei etter kvart ein suksess - med fulle hus då dei arrangerte folkemøte, mellom anna i Atlantic Hall. Etter kvart fekk dei også meir økonomisk støtte, mellom anna frå eit fond i Danmark. Dette gjorde at dei blei oppmuntra til å spreie verksemda. I 1963 blei Fredskontoret i Bergen opna, og i 1965 fekk Oslo sitt fredskontor. Talet på kontor auka snøgt, og i løpet av 1967 passerte ein 15 fredskontor i Noreg. Verksemda nådde sitt høgdepunkt rundt 1968-69, omtrent samstundes som studentopprøret. For SF var Fredskontoret vesentleg for at partiet fekk fotfeste i Stavanger.

Eit anna populært tilbod for unge radikalarar var NKP sin laurdagsskule. Kvar laurdag hadde NKP uformelle møte med studiesirklar. Fleire kjelder minnest eit levande miljø av radikale ungdommar rundt Kari Hauge og Eivind Rasmussen i NKP.[78] Her fekk ungdom, oftast rundt 10-12 stykk kvar laurdag, opplæring i mellom anna marxistisk teori.

Populisme og vekstkritikk

Sosialistisk Folkeparti skulle vere eit parti som skulle stå for fornying i norsk politikk. Utanriks- og tryggingspolitisk stod det for eit alternativ til sosialdemokratisk reformisme og "proletariatets diktatur". Men partiet sine radikale reformforslag om til dømes nasjonalisering av nøkkelindustri og utvida demokrati på arbeidsplassane var gamle krav frå Ap og NKP.[79] Partiet representerte ikkje noka utfordring til dei sterke vekst- og omstillingsprosessane i det norske samfunnet dei fyrste åra.[80] Det var ikkje før partiet skulle utarbeide arbeidsprogram for stortingsperioden 1965-69 at det blei alvorleg strid om SF sin distriktspolitikk. Med Ottar Brox og Kjell Bygstad som aktive pådrivarar blei den nærings- og distriktspolitiske delen av programmet driven i populistisk retning, og ei meir distriktsradikal line fekk fotfeste i programmet.[81]

SF sine lokalorganisasjonar var likevel forholdsvis lite engasjerte i debatten om ein ny distriktspolitikk i 1964-65. Arnt Bækholt stadfestar at dette gjaldt for Stavanger-laget, som etter hans syn framleis var oppteke av internasjonale forhold, medan partiet var ganske pragmatisk i den kommunepolitiske

kvardagen.[83] Bækholt var oppteken av praktiske løysingar, og denne arbeidsstilen hans kunne nok irritere somme i SF, men han vann respekt hjå andre parti, og andre parti sine veljarar. – Industriarbeidarar tenkte jo ikkje på utnytting av matjord, slår Bækholt fast.[84]

Ynskje om ein meir markant ideologisk, innanrikspolitisk profil gjorde seg og gjeldande i Stavanger. Ottar Brox sine utgreiingar om utkant- og kombinasjonsbruk fengde.

– Dette var den fyrste innanrikspolitiske analysen. Plutseleg hadde me ein slags ideologi, seier tidlegare medlem i SUF i Stavanger, Odd Hansen.[85] I Stavanger blei store utbyggingssaker banka gjennom på kort tid, til tross for at SF prøvde å bremse tempoet litt og få styring med utbygginga.

Lokal stordomstid

Sosialistisk Folkeparti var tufta på utanrikspolitisk opposisjon, og venstrekreftene i Stavanger var meir opptekne av utanrikspolitikk og nasjonale politiske spørsmål enn lokalpolitikk. Derfor var det kan hende overraskande at partiet gjekk inn i ei lokal stordomstid etter kommunevalet i 1967. SF fekk fire representantar i bystyret. Partiet hadde hatt ein oppslutning på 3,5 % i 1963, men fekk nå 5,1 %. Bustadpolitikk blei ei hovudsak, og mykje takka vere RA gjorde Arbeidarpartiet eit godt val, og den radikale Leif Larsen blei vald til ordførar.

SF med Arnt Bækholt i spissen hadde respekt for Rettedal, men støtta aktivt Arbeidarpartiet sin ordførarkandidat Leif Larsen.[86] Bækholt dempa kritikken av Arbeidarpartiet i media. Det gode valresultatet i 1967 var likevel overraskande for både Larsen og Arbeidarpartiet. Leif Larsen blei ordførar, og SF fekk fire representantar i bystyret. Bækholt fekk plass i finansutvalet og i formannskapet.

I programmet sitt for perioden 1967 til 1971 gjekk SF mellom anna inn for å prioritere sosial bustadbygging. "SF vil arbeide aktivt for at også vanlige lønnstakere kan skaffe seg bolig", heitte det i partiet sitt program for perioden. Dessutan gjekk SF inn for å starte bygginga av bru til byøyane. Partiet såg på skule og utdanning som eit av dei viktigaste ledd i eit moderne samfunn, og gjekk derfor inn for at det ikkje "bør stå på økonomiske midler når det gjelder å gi barn og ungdom en så tidhøvelig opplæring og en så god grunnskole som tid og utvikling krever". SF ville òg ha ein plan for ungdomsarbeidet i kommunen, med vekt på danninga av ungdomsklubbar.[87] Dette var perioden då ungdomspolitikk byrja å kome på dagsorden, noko SF fanga opp tidleg.

Brotet med SUF

Då SF arrangerte landsmøte i 1967, kom det til fleire konfrontasjonar. Ein av desse konfliktane var opposisjonen som voks fram i ungdomsorganisasjonen SUF. To år seinara, på SF sitt sjette landsmøte, blei Sosialistisk Folkeparti kløyvd. Ungdomsorganisasjonen braut med partiet, og mange av SF sine medlemmar melde seg ut av partiet. Dei aller fleste SUF-laga i landet slutta opp om avgjerda om å bryte med moderpartiet, men ikkje Stavanger-laget.[89] I Stavanger fanst det eit fleirtal i SUF som *ikkje* ville bryte det organisatoriske samarbeidet med SF.

Striden mellom SF og SUF handla om at ungdomspartiet hadde vedteke marxismen-leninismen, demokratisk sentralisme og proletariatets diktatur som ein del av si plattform, noko fleirtalet i moderpartiet var imot. På landsmøtet 7. og 8. februar 1969 blei det og opna for at det kunne opprettast ungdomsgrupper i tilknyting til SF utanom SUF. Resultatet blei at SUF marsjerte ut frå landsmøtet.
Då resultatet frå landsmøtet til SF var klart, og SUF sentralt meinte seg ekskludert av moderpartiet, gjekk det og mot ei avklaring i Stavanger. Ungdom som i hovudsak støtta opp om SF

sitt politiske grunnsyn, hadde allereie sidan august/september 1968 arbeidd for å engasjera ungdom i arbeidet for dette.

I ein informasjonsbulletin signert Egil Engebretsen hausten 1968 hadde han teke til orde for å skape ein ny ungdomsorganisasjon som vil støtte opp om SF dersom partiet heldt fast med sin dåverande politiske kurs, eller støtte opp om det parti som vil bli "den naturlige og riktige konsekvens av at SUF overtar SF med sitt proletariske diktatur og sin "tillemping" av demokratisk sentralisme.»[90]

På eit styremøte i Stavanger SF den 9. januar 1969 blei eit forslag frå sentralstyret i SF til landsmøtet lese opp av formannen Arnt Bækholt. Mindretalet sitt forslag blei lagt fram av Kåre Sæbøe. Ifylgje SF sin protokoll blei debatten lang, men ved avstemming blei forslaget til prinsipperklæring frå Per Maurseth, Berge Furre og Sigbjørn Hølmebakk vedteke med 21 mot 13 røyster. Det var dette forslaget landsmøtefleirtalet seinare slutta opp om.

I Stavanger gjekk eit knapt fleirtal av medlemmene i Stavanger sosialistiske ungdomslag (SSU) inn for å fortsette det organisatoriske samarbeidet med SF. Dermed braut dei med praksisen som blei trekt opp på SUF sitt landsmøte 15. og 16. februar. Ifylgje SUF sin leiar Sigmund Grønmo var Stavanger den einaste staden i landet kor dette skjedde.

Mindretalet i SSU melde seg difor ut og danna eit nytt Stavanger-lag av SUF den 3. mars 1969. Både i tida før brotet og etterpå hadde det vore til dels harde og uforsonlege frontar mellom SF og SUF, spesielt i Oslo der språkbruken ofte var for grov personhets å rekne. I Stavanger var ikkje frontane så steile.

– De rent personlige forhold har vært gode i Stavanger, i motsetning til i Oslo. Og rent praktisk har også samarbeidet gått relativt bra, sa Håkon Helle til RA i mars 1969. Helle hadde vore studieleiar og blei rekna som ideologen blant dei revolusjonære i Stavanger.

På eit medlemsmøte 12. mars 1969 var Berge Furre i Stavanger for å forklare litt om bakgrunnen for motsetnadsforholdet mellom SF og SUF. I diskusjonen hevda særleg dei unge som var på møtet, Odd Hansen og Øystein Tjora, at ungdomslaga burde stå i eit fritt forhold til SF.[91]

Det viste seg at SF sine veljarar nok var frustrerte av alt bråket i partiet, og valnatta 1969 blei eit mareritt for SF. 3,5 % oppslutnad på landsbasis og null mandat var fasiten då røystene var telte opp. Men i året 1969 låg kimen til nye partidanningar. I 1973 var SF sentrale i danninga av Sosialistisk Valforbund, etter mønster frå Stavanger (sjå eigen artikkel), medan SUF (m-l) blei til AKP (m-l) same året.

Sjølv om lokallaget til SUF, og seinare AKP (m-l), i Stavanger neppe var like dogmatiske som dei var andre stader i landet, fekk dei ikkje vere med i leiinga av Folkerørsla mot EF då dette arbeidet byrja. I eit internt diskusjonspapir for Rogaland 1975 heiter det frå sentralt hald i AKP (m-l) at Stavanger-laget heile tida var eit "småborgerlig-prega lag med svake røtter i arbeiderklassen. Området var SUFs hodepine og stod fjernt fra SUFs plattform og innretting. Reformistene hadde flertal og prega laget. Stavangerområdet har ikke stått enhetlig, men sprika voldsomt ideologisk".[92]

NOTER

[1] Josefsson 1996: s. 11.
[2] Titlestad 1987 s. 66.
[3] Bergh 1987: s. 447.
[4] Bergh 1987: s. 448
[5] Stavanger Aftenblad; 19. april 1960.
[6] Hauge 1987: s. 34.
[7] Same stad: s. 37.
[8] Same stad: s. 40.
[9] Same stad: s. 41.
[10] Same stad: s. 42.
[11] Same stad: s. 50.
[12] Same stad: s. 51.
[13] Same stad: s. 52.
[14] Bergh 1987: s. 456.
[15] Hauge 1987: s. 52.
[16] Intervju med Arnt Bækholt, hausten 1996.
[17] Gustavsen 1969: s. 116.
[18] Daatland 1988: s. 63.
[19] Stavanger Aftenblad; 6. april 1961.
[20] Same stad.
[21] Hauge 1987: s. 54.
[22] Same stad: s. 55.
[23] Same stad: s. 56.
[24] Same stad: s. 57.
[25] Same stad: s. 60.
[26] Same stad: s. 61.
[27] Same stad: s. 64.
[28] Same stad: s. 64.
[29] Same stad: s. 65.
[30] Hauge 1987: s 65.
[31] Same stad: s. 66.
[32] Gustavsen 1969: s. 148, og intervju med Arnt og Ingeborg Bækholt, hausten 1996.
[33] Stavanger Aftenblad: 8. januar 1962.
[34] Brev frå Arnt Bækholt til Berge Furre, 3. februar 1962; SFs arkiv.
[35] Pressemelding frå SF i Rogaland, ved sekretær Jan Gjerde. SFs arkiv.
[36] Hauge 1987: s. 68.
[37] Brev frå Arnt Bækholt til Aksel Larsen, 30. januar 1963. SFs arkiv.
[38] Brev frå sekretær Jan Gjerde til SF i Oslo, 16. mars 1963. SFs arkiv.
[39] Intervju med Kolbjørn Hauge, 29. oktober 1996.
[40] Same stad.
[41] Intervju med Eivind og Kari Hauge Rasmussen, 8.januar 1997.
[42] Brev til Rogaland distrikt av NKP ved formann Eivind Rasmussen, 19. januar 1962.
[43] Rolf Torgersen: "Arbeiderpartiet i Stavanger 100 år. 1892-1992"; Jubileumshefte.
[44] Intervju med Arnt og Ingeborg Bækholt, 29. oktober 1996.
[45] Furre 1992: s. 322.
[46] Rossavik 2011; s. 81.
[47] Same stad.
[48] Orientering: 12. september 1964.
[49] Intervju med Kolbjørn Hauge, 29.oktober 1996.
[50] Orientering: 12. september 1964.
[51] Brev frå fylkesformann Reidar Berge til sentralstyret i SF, 18. oktober 1964. SFs arkiv.
[52] Intervju med Svein Tinnesand, desember 2003.
[53] Tveterås 1996: s. 109.
[54] Intervju med Kurt Nordbø, 7. januar 1997.
[55] Same stad.
[56] Brev frå fylkesformann Reidar Berge til lokallaga i SF i Rogaland, 8. mars 1965. SFs arkiv.
[57] Brev frå Rolf Per Jenseg til Stavanger Aftenblad, 25. mars 1965. SFs arkiv.
[58] Brev frå Anders M. Andersen 23. mars 1965. SFs arkiv. Andersen frå Tasta blei seinare med i SUF og var ei tid tilsett som redaksjonssekretær i "Orientering".
[59] Framlegg frå Arnt Bækholt under årsmøtet i Stavanger SF, 9. november 1964. SFs arkiv.
[60] Brev frå Rolf Per Jenseg til sentralstyret i SF. SFs arkiv.
[61] Rapport fra SF ungdomslag i Stavanger.
[62] Orientering, 3. mars 1962.
[63] Orientering, 20. juli 1962.
[64] Telefonintervju med Hans Andersen, 1997.
[65] Brev frå Berge Furre til Jon Bjørnebekk, 1. februar 1962; SFs arkiv.
[66] Brev frå Kåre Lindboe til formann i Rogaland SF, 30. oktober 1964. SFs arkiv.
[67] Brev frå Arnt Bækholt til Berge Furre, 3. februar 1962; SFs arkiv.
[68] Intervju med Håkon Helle, hausten 2003.
[69] Hauge 1987: s. 69.
[70] Intervju med Lars Andreas Larssen, 12.05.05.
[71] Hauge 1987: s. 71.
[72] Same stad.
[73] Hauge 1987: s. 72.
[74] Intervju med Kari Hauge Rasmussen og Eivind Rasmussen; 8. januar 1997.
[75] Intervju med Lars Andreas Larssen 12.05.05.
[76] Hauge 1987: s. 72.
[77] Stavangeren, 3, februar 1964
[78] Både Odd Hansen, Torborg Bækholt og Øystein Tjora bekrefter dette i intervju med dei.
[79] Paulsen 1984: s. 120.
[80] Same stad: s. 122.
[81] Same stad: s. 125.
[82] Intervju med Arnt og Ingeborg Bækholt, hausten 1996.
[83] Gjerde: 2005.
[84] Intervju med Arnt og Ingeborg Bækholt, hausten 1996.
[85] Intervju med Odd Hansen, februar 2005.
[86 Intervju med Arnt og Ingeborg Bækholt, hausten 1996.
[87] SF sitt program for perioden 1967-1971, SFs arkiv.
[88] Formann i SUF, Sigmund Grønmo, uttalte i eit intervju med RA i mars 1969 at "Samtlige SUF-lag i landet, bortsett fra Stavanger, har sluttet opp om de vedtak som ble fattet av landskonferansen i februar".
[89] Same stad.
[90] Informasjonsbulletin nr. 1. Stavanger 1. januar 1969. SFs arkiv.
[91] Sosialistisk Folkeparti sin protokoll, SFs arkiv.
[92] Internt diskusjonsnotat (Usignert), Håkon Helles private arkiv.

KJELDER:

LITTERATUR

Andersen, Arve 2005: Det nye venstre i Stavanger 1958-1971. Hovedfagsoppgave i historie. Universitet i Tromsø
Andersen, Håkon 1989: Produktivitetsarbeid på Rosenberg. Intervju av Kurt Nordbø. Årbok for Arbeidernes Historielag i Rogaland 1989. Stavanger.
Arntsen, Jan Magne 1992: Fra proletært masseparti til sekt. Stavanger Kommunistiske Parti 1945-50. Hovudfagsoppgåve i historie. Universitetet i Bergen.
Bergh, Trond 1987: Storhetstid 1945-1965. Arbeiderbevegelsens historie bind 5. Oslo.
Daatland, Dan Dyrli 1988: Intervju med Arnt Bækholt. Årbok for Arbeidernes Historielag i Rogaland 1988. Stavanger.
Furre, Berge 1984: Danske tilstandar i Noreg. Om impulsar frå utlandet da Sosialistisk Folkeparti vart til. Historie nedenfra. Festskrift til Edvard Bull på 70-årsdagen. Oslo.
Furre, Berge 1992: Norsk historie 1905-1990. Oslo.
Gjerde, Jan 2005: Ingeborgs tid. Stavanger
Gjerde, Jan 2006: Det startet i Stavanger. Årbok for Arbeidernes Historielag i Rogaland 2006. Stavanger.
Gustavsen, Finn 1969: Rett på sak. Oslo
Gustavsen, Finn 1979: Kortene på bordet. Oslo.
Hauge, Kolbjørn 1987: Fra protest til parti. Sandnes.
Josefsson, Svein Olof 1996. Året var 1968. Universitetskris och studentrevolt i Stockholm og Lund. Göteborg.
Kindingstad, Torbjørn 1998: Maktens byggherre. Historien om politikeren, ingeniøren og småbrukeren Arne Rettedal. Drammen.
Kvam jr., Ragnar 1973: DNA mot splittelse. Da venstrefløyen ble ekskludert og SF stiftet. Oslo.
Skjønsberg, Harald 1990: På parti med Stalin? Den merkelige historien om MLernes storhetstid. Oslo.
Paulsen, Kjetil 1984: Da populismen seiret i Sosialistisk Folkeparti. Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie nr. 1-1984. Oslo.
Roalkvam, Gunnar M 1995: Sosialistisk Valgforbund i Stavanger 1971-1973. Årbok for Arbeidernes Historielag i Rogaland 1995. Stavanger.
Rossavik, Frank 2011: SV – Fra Kings Bay til Kongens bord. Oslo
Seierstad, Dag 1984: Bruddet mellom Sosialistisk Folkeparti og Sosialistisk Ungdomsforbund. Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie nr. 1-1984. Oslo.
Storhaug, Hans 1987: Partiblokken i indre strid 1945-1969. Fra Vistehola til Ekofisk. Rogaland gjennom tidene, bind 2. Drammen.
Titlestad, Torgrim 1988: Stavanger. Norges røde by. Stavanger.
Tveterås, Harald 1996: Solidaritet utad – konkurranse innad. Fagforeningsvirksomhet på A/S Rosenberg Mek. Verksted i perioden 1945-1970, Hovudfagsoppgåve i historie. Universitetet i Bergen.
Westlye, Svein 1980: Stavangers politiske historie fra 1945-1955. En analyse av partipolitikken i bystyret og av finansrådmannens rolle i den kommunalpolitiske beslutningsprosessen. Hovudfagsoppgåve i historie. Universitetet i Bergen.

AVISER

Orientering 1958-1971
Rogalands Avis 1958-1971
Stavanger Aftenblad 1958-1971
Stavangeren 1964

ARKIVMATERIALE

Delar av SF/SV sitt arkiv i Stavanger. (Lånt av Dan Dyrli Daatland)
SF sitt arkiv. Arbeiderbevegelsens arkiv i Oslo.
Tilgang til delar av Svein Tinnesands arkiv.
Tilgang til delar av Håkon Helles arkiv

MUNNLEGE KJELDER

Arnt Bækholt, brannkonstabel. NKP (ekskludert Furubotn-mann), SF, SV. Leder for SF. Kommunestyret.
Ingeborg Bækholt, lærer. NKP (ekskludert), SF, SV.
Kolbjørn Hauge, Lærer. Kommunestyrerepr. SF, SV.
Kurt Nordbø, Klubbformann Rosenberg. SF, AP, AIK, SV.
Kari Hauge Rasmussen, lærer. NKP, SV.
Eivind Rasmussen, NKP, SV.
Odd Hansen, SUF, SFU, SV.
Håkon Helle, advokat. SUF, AKP (m-l).
Øystein Tjora, lærer. SUF, SFU, SV.
Svein Tinnesand, Rosenberg-arbeider, SF, SV.
Kåre Lindboe, SF, AP.
Anders M. Andersen, SUF, AKP (m-l).
Hans Andersen, SUF.
Torborg Bækholt, SUF, SFU.
Gunnar Roalkvam, SV.
Lars Andreas Larssen, skodespelar, Fredskontoret.
Jan Gjerde, SF, SFU.